

Til
Familie- og kulturkomiteen

Oslo, 11. juni 2020

Komitehøyring om framlegg til ny språklov

- Notat frå Noregs Mållag

Det er fleire gode element i den nye lova, og særleg er det styrkte føremålet svært positivt. At lova slår fast at det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje det minst bruka språket nynorsk, er eit steg på rett veg for ein språkpolitikk som anerkjenner at det er eit skeivt styrketilhøve mellom nynorsk og bokmål.

Det er òg svært positivt at fylkeskommunen no får utvida plikter som vil sikre at nynorskbrukarane vil sjå meir av språket sitt. Men Noregs Mållag skulle helst sett at det var framlegget frå høyringsrunden, der fylkeskommunane hadde alle dei same pliktene som regionale statsorgan, som vart fremma for Stortinget.

Trass i desse positive sidene ved lova meiner Noregs Mållag at det samla lovforslaget er ei svekking jamført med dagens mållov. Me ber difor Stortinget gjere dei endringane som skal til for at lova ikkje bryt med sitt eige føremål.

Noregs Mållag sin hovudbodskap i høyringa vil vere at Stortinget må gjere desse endringane: (Framlegg til endringar står i prioritert rekkjefølgje)

§ 16 Krav til skrivekompetanse

Andre ledd: *Statsorgan og fylkeskommunar skal kunne krevje at tilsette skal skrive både bokmål og nynorsk. Dette gjeld likevel ikkje for tilsette som ikkje har gjennomført sidemålsopplæring i grunnopplæringa.*

Framlegget til andre ledd i lova er ei drastisk svekking jamført med dagens mållov.

Framlegg til endring i lova: *Statsorgan skal krevje at tilsette skal skrive både nynorsk og bokmål [i arbeidet]. Fylkeskommunar kan krevje det same [av sine tilsette]. Dette gjeld likevel ikkje for tilsette som ikkje har gjennomført sidemålsopplæring i grunnopplæringa.*

Første og tredje ledd bør få stå uendra.

§ 13 Veksling mellom bokmål og nynorsk i allment tilgjengelege dokument

Fjerde ledd: *Fylkeskommunar som er språkøytrale etter § 11 i lova her, skal veksle mellom skriftspråka slik at det blir eit rimeleg samhøve mellom dei i allment tilgjengelege dokument.*

Det er synd at språkvekslinga ikkje vert kvantifisert slik det var i lova som var sendt på høyring.

Framlegg til merknad: Komiteen bør leggje til grunn at det er naturleg/rimeleg å ta utgangspunkt i kvantifiseringane i § 13 andre ledd.

§ 9 Klart språk

Offentlege organ skal kommunisere på eit klart og korrekt språk som er tilpassa målgruppa.

Det er viktig at ein sikrar seg mot at somme nyttar klarspråk som eit argument mot nynorsk. Det har alt skjedd og vil garantert skje i framtida òg.

Framlegg til merknad: Det må sikrast at klart språk ikkje skal kunne brukast som eit argument mot nynorsk i visse tekstar.

§ 3 Verkeområde

Tredje ledd: *Lova gjeld ikkje for intern sakshandsaming.*

Om dette vert ståande, vert det eit paradoks at det einaste språkbruksdomenet i samfunnet der bruk av norsk generelt og nynorsk spesielt tilsynelatande, ikkje får eit lovfesta vern, er i intern sakshandsaming. Om ein tek ordlyden *heilt* på ordet, må det vere i orden for offentlege organ å ta i bruk engelsk som internt forvaltningsspråk. Føremålet med lova må eksplisitt òg gjelde intern sakshandsaming, men vekslingsreglane mellom bokmål og nynorsk kan vere unnateke for intern sakshandsaming.

Framlegg til merknad: Presisere at det er reglane om bruk av nynorsk og bokmål som ikkje gjeld i intern sakshandsaming, t.d. slik: "Reglane i §§ 12 til 18 [om bruk av bokmål og nynorsk] gjeld ikkje for intern sakshandsaming." Det kan med fordel seiast i komitémerknadene at dette skal vere å forstå som ei vidareføring av mållova § 2 første ledd bokstav b ("internt saksarbeid").

Til § 19 tredje ledd og § 20:

Det er inkonsekvent av KUD å la fylkeskommunane på visse punkt bli omfatta av "mållovsreglane" i språklova, men så likevel ikkje la det vera omfatta av tilsyn frå Språkrådet korleis dei etterlever språklova på dei punkta. Det er etter mitt skjønn berre pussig at fylkeskommunane ikkje er omfatta av § 19 tredje ledd og § 20.

Framlegg til lovendring: Det burde vera mogeleg å få endra til "statsorgan og fylkeskommunar" i desse to føresegnene.

§§ 17 og 18:

Klageretten blir innsnevra, slik at språkorganisasjonar ikkje blir omfatta av denne klageretten, dette vil vere ei innsnevring av høvet til å klage i høve dagens lov.

Framlegg til merknad: Det må framleis vere høve for Språkorganisasjonane å klage på vegner av t.d. studentar eller andre.

Sanksjonar:

Den nye lova har ikkje sanksjonar.

Framlegg til merknad: Oppfølging av språklova må følgast opp og departementet må vurdere sanksjonar om det viser seg at lova ikkje blir følgt.

Innspel til meldingsdelen:

Kap 4 sektorspesifikt ansvar for språk

Melding om målbruk i offentlig teneste:

Kulturdepartementet finn det ikkje føremålstenleg å vidareføre lovfestinga om ei melding til Stortinget om målbruk i offentlig teneste. Men departementet meiner likevel ei form for rapportering til Stortinget vil vere ein viktig del av tiltaka for oppfølging av språklova og språkpolitikken.

Merknad: Komiteen må krevje at opplæringsfeltet òg vert ein del av ein slik rapport. Opplæringspolitikk er i høgste grad språkpolitikk, og det er i størst grad i skulen nye nynorskbrukarar kjem til, vert oppretthaldne eller forsvinn. Korleis situasjonen er på utdanningsfeltet, er heilt avgjerande for framtida til nynorsken som skriftspråk. Utan å seie noko om stoda her, er det umogeleg å gje eit bilete av språksituasjonen i Noreg som heilskap.

Kap. 7 Språk i barnehage og grunnopplæring

Dette kapittelet i meldinga har store manglar og utelèt å peike på ei rekkje viktige utfordringar på opplæringsfeltet.

Barnehage

Det er svært svakt at utfordringane med nynorsk i barnehagen ikkje er nemnde med eit ord. At barnehagefeltet ikkje i det heile er regulert med eit opplæringsmål, skaper utfordringar for den tidlege språkopplæringa som går føre seg i barnehagen. I dag kan du i ein barnehage i eit nynorskområde syngje songar og lese bøker på berre bokmål. I tillegg kan du drive aktiv språkstimulering og omgrepslære på bokmål til ungar som skal ta til i ein nynorskskule. Dette veit me skjær mange stader rundt om i landet.

Norskopplæring for vaksne innvandrarar

Læremiddel for vaksne innvandrarar er nemnt, men ikkje at mangelen på læremiddel på nynorsk fører til at mange kommunar vel å ikkje undervise på nynorsk. I ei språkmelding som tek sikte på å syne utfordringane også på opplæringsfeltet, er dette ein sentral mangel.

Læremiddelsituasjonen

Mangelen på digitale læremiddel på nynorsk er skrikande. Diverre er situasjonen alt for ofte at læremiddel som òg er omfatta av kravet, berre kjem på bokmål, eller at læremiddel som burde vore definert som læremiddel, ikkje vert det av skuleeigar. Den nye opplæringslova må kome med ein strengare definisjon av kva eit læremiddel er, for å hindre at nynorskelevane får oppfylt sine språkrettar. I tillegg bør kontorstøtteprogram òg kome inn under parallellitetskravet.

Lærarutdanning

Mange lærarutdanningar underviser ikkje studentane på 5.–10.-utdanninga si i nynorsk om dei ikkje har norsk fordjuping. Kunnskapsgrunnlaget vårt gjennom fleire reportasjar i Norsk Tidend det siste året syner òg at mangel på nynorskkunnskapar hjå dei som skal undervise i norsk og andre fag, er eit reelt problem for nynorskundervisinga i Noreg, både som sidemål og som hovudmål.

Vidare oppfølging:

Regjeringa vil utarbeide forslag til revidert opplæringslov. Forslaget byggjer på NOU 2019: 23 Ny opplæringslov. Omsynet til dei språklege rettane til elevane vil vere eitt av fleire viktige tema. Oppfølginga vil vere i tråd med dei overordna prinsippa for språkpolitikken slik dei kjem til uttrykk i den nye språklova. (s. 58)

Merknad: Opplæringslova er ei sentral språklov. Om oppfølginga av lova skal vere i tråd med dei overordna prinsippa i språkpolitikken, så kan ikkje departementet i framlegg til lov føreslå så omfattande endringar i dei alt etablerte språkrettane, som framlegget i NOU-en gjer. Utvalet som har laga framlegget til ny lov, har heller ikkje utgreidd dei språkpolitiske konsekvensane av føreslegne endringar: Dette er eit brot med føremålet med språklova.

Felles merknad til kap 7: Komiteen meiner departementet må ta føre seg utfordringane for opplæringsfeltet i rapporteringa til Stortinget som er omtalt i kap. 7.